



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 80

(2005–2006)

Lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 19. mai 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Olje- og energidepartementet legg i denne proposisjonen fram utkast til lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt. I dag er det staten ved Olje- og energidepartementet som står for beredskapslagringa. Beredskapslagring av petroleumsprodukt er ein del av det norske totalforsvarskonseptet, men trusselbiletet Noreg står overfor, har endra seg, og behovet for beredskapslagring har endra seg tilsvarende. Føremålet med beredskapslagringa er ikkje lenger primært at lagra skal gå inn som element i eit totalforsvarskonsept, men at dei lagra voluma kan nyttast i andre situasjonar, til dømes ved forstyrringar i produktleveransane. Ein konsekvens av at beredskapslagra òg skal kunne brukast til å sikre forsyningane i fredstid, er at dei produkta som vert lagra, må vere i samsvar med dei produkta som samfunnet faktisk spør etter. Olje- og energidepartementet meiner òg at det systemet ein har i dag for beredskapslagring, kan gjerast meir kostnadseffektivt for samfunnet. Med tanke på dette legg departementet i denne proposisjonen fram eit lovframlegg om ei ny ordning for beredskapslagring av petroleumsprodukt. Ein gjer framlegg om at produsentar og importørar av petroleumsprodukt skal ha plikt til å halde lager av visse petroleumsprodukt. Lova fastset vidare rammene for Kongens kompetanse til å fastsetje nærare føresegnar i forskrift. Lova gir heimel til å fastsetje i forskrift nærare føresegnar om administrative sanksjonar for brot på føresegnene i lova.

2 Bakgrunn for lovframlegget

Olje- og energidepartementet eig og beredskapslagrar i dag petroleumsprodukt tilsvarende om lag dagleg forbruk for 18 dagar i Noreg. Gjeldande lagermodell er eit resultat av behovet for beredskapslagring av petroleumsprodukt som ein del av det norske totalforsvaret. Trusselbiletet som Noreg står overfor, har endra seg, og behovet for beredskapslagring har endra seg tilsvarende. Føremålet med beredskapslagring er ikkje lenger primært at lagra skal gå inn som element i eit totalforsvarskonsept, men at dei lagra voluma kan nyttast til å sikre forsyningane til den norske marknaden i fall leveransane vert forstyrta. I tillegg kan voluma nyttast som tilskot til ein samordna krisehandteringsplan innanfor ramma av Det internasjonale energibyrådet (IEA).

Denne endringa i føremålet med beredskapslagringa gjer det tenleg å endre gjeldande ordning for beredskapslagring av petroleumsprodukt.

Olje- og energidepartementet sende framlegg til ny lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt til høyring 31. oktober 2005, saman med framlegg til forskrift. Høyringsinstansane kunne då fullt ut vurdere framlegga til lov og forskrift. Framlegga vart sende til høyring til desse instansane:

Finansdepartementet

Fiskeri- og kystdepartementet

Forsvarsdepartementet

Justis- og politidepartementet

Moderniseringsdepartementet

Nærings- og handelsdepartementet

Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

A/S Norske Shell
Bunker Oil AS
ConocoPhillips Nordic AB
Esso Norge AS
HydroTexaco AS
Max Bensin
Norges rederiforbund
Norsk Fyringsolje AS
Norsk Petroleumsinstitutt
Norske Varmeforhandlere
Norwegian Airlines
NSB AS
Næringslivets Hovedorganisasjon
Oljeindustriens Landsforening
SAS Braathens AS
Statoil Norge AS
Iergi

Det kom inn uttale til realitetane frå desse høyringsinstansane: Justis- og politidepartementet, Moderniseringsdepartementet, Sysselmannen på Svalbard, Fyringsolje.no, Norske Varmeforhandlere, MAX Bensin v/Trond Erik Hanssen, ConocoPhillips JET AS, Norsk Petroleumsinstitutt, Esso Norge AS, A/S Norske Shell og Statoil ASA.

Høyringsinnlegga var hovudsakleg knytta til forskrifta. Statoil ASA, Esso Norge AS, Sysselmannen på Svalbard og Justis- og politidepartementet hadde merknader til sjølve lova.

3 Gjeldande ordning

Gjeldande ordning for beredskapslagring av petroleumsprodukt byggjer på tankegangen i etterkrigstida om totalforsvarskonseptet og beredskapslagring av livsviktige innsatsvarer, mellom anna matvarer, medikament og petroleumsprodukt til bruk i ein beredskaps- eller krigssituasjon, der mangel på desse varene kunne skje som følgje av blokkerte forsyningsliner. Innanfor nedstraumsverksemda førte det med seg at staten i ein første fase av lagringa engasjerte seg økonomisk for å auke lagerkapasiteten, både i samband med at oljeselskapa bygde store anlegg for distribusjon av drivstoff, og ved å byggje eigne anlegg. Staten ved Olje- og energidepartementet kjøpte òg inn ulike typar petroleumsprodukt for å fylla opp tilleggskapasiteten.

Nytt trusselbilete og mindre behov for beredskapslagring førte i 1993/94 til sal av lagringsvolum, slik at nivået inntil hausten 2005 var om lag

420 000 Sm³, eller tilsvarande omtrent dagleg forbruk i 18 dagar i Noreg. Behaldningane skulle òg kunne brukast når det var fare for eller reell svikt i forsyningane i fredstid, også som tiltak i samordna aksjonar innanfor ramma av IEA-samarbeidet. Samstundes vart det vedteke at staten skulle trekkje seg ut av eller leggje ned dei drivstoffanlegga i fjell som staten åtte, og berre leige lagerplass i anlegg som vart drivne kommersielt. Det var for å sikre at produkta vart rullerte fortløpande ved gjennomstrøyming og heile tida oppfylte krava frå marknaden til spesifikasjon av produkta.

Produktlagra som er nemnde ovanfor, skal primært nyttast til å dempe fysisk mangel, eller fare for fysisk mangel, på petroleumsprodukt som følgje av alvorlege forstyringar i oljemarknaden. Slik bruk av lagra samsvarar med erfaringane frå seinare år, der departementet ved fleire høve har sagt seg villig til å skyte inn mindre kvantum forsyningar i IEA-samordna krisehandteringsplanar. Det bør nemnast at berre ein av desse planane er sett i verk.

For mangelsituasjonar der årsaka er hendingar på eit høgare trinn på krisespekteret, mellom anna tryggingspolitiske og/eller krigsliknande situasjonar der ein kan vente at Forsvaret òg treng ekstra forsyningar, har styresmaktene andre tiltak på handa. Dei vert sette i verk med heimel i Sivilt beredskapssystem og fullmakter i gjeldande lovverk, til dømes lov om forsynings- og beredskaps tiltak og lov om petroleumsvirksomhet.

Staten har i dag årlege utgifter til lagringa på om lag 20 millionar kroner, i hovudsak til leige av lagerkapasitet hos oljeselskapa, og om lag 1 million kroner i drifts- og vedlikehaldsutgifter for lagring i eit stort fjellanlegg som Forsvaret eig og disponerer. I tillegg kjem i gjennomsnitt 1–2 millionar kroner per år i kompensasjon til oljeselskapa for utgifter til korreksjon av kvalitetane som følgje av gjennomføringa av EUs Auto-oil-program.

4 Framand rett

Alle medlemsstatane i EU har plikt til å halde beredskapslager av olje. Plikta og den nærare reguleringa av ho er fastsett i rådsdirektiv 68/414/EØF, med seinare endringar i rådsdirektiv 98/93/EF. I utgangspunktet er alle medlemslanda i EU forplikta til å halde lager av råolje og/eller petroleumsprodukt tilsvarande minst gjennomsnittleg internt forbruk i 90 dagar. Når medlemslanda reknar ut eige forbruk, kan dei gjere frådrag for eigenprodusert petroleum med inntil 25 prosent.

Danmark og Storbritannia, som er nettoeksportører, er difor berre forplikta til å halde lager tilsvarende forbruket i 67,5 dagar. Direktiva inneheld òg ordningar om kva for kategoriar av petroleumsprodukt det skal vere lager av, utrekningsmåtar, påbod om intern rapportering og kontroll og rapportering til EU-organ, og ordningar om sameint lagring på tvert av grensene mellom medlemslanda.

I *Danmark* vert lagringsplikta administrert av Energistyrelsen. Gjennom Bekendtgjørelse om minstebeholdninger af mineralolieprodukter (BEK nr. 1184 af 19. december 1992) pliktar importører og produsentar av petroleumsprodukt å halde lager tilsvarende forbruket for 81 dagar, altså 13,5 dagar meir enn Danmarks minsteplikt. Lagringsplikta kan dekkjast på to måtar: ved skapa sine egne lager og gjennom Foreningen Danske Olieberedskapslager (FDO). Dei danske krava om produktkategoriar og korleis råolje kan erstatte ferdige produkt, og innrapportering følger i høg grad det oppdaterte rådsdirektivet 68/414/EØF.

I *Sverige* vert EU-kravet om beredskapslagring oppfylt ved at alle som sel eller nyttar lagringspliktige produkt over eit bestemt volum, pliktar å halde lager som svarer til forbruket i 90 dagar, rekna ut med utgangspunkt i forbruket siste året.

Lagringsplikta er heimla i Lag (1984: 1049) om beredskapslagring av olja och kol.

Britiske styresmakter er for tida i gang med å omarbeide lovgivinga si på området. I dag ligg lagringsplikta på alle som sel eller nyttar petroleumsprodukt over eit bestemt volum. Lagringsplikta svarer til forbruket i 67,5 dagar. Systemet er mykje likt det svenske. Britiske styresmakter ser likevel for seg ei omlegging til eit system som ligg meir opp til det danske, der lagringsplikta fell på importører og produsentar.

nale marknadene. Beredskapslagra kan nyttast i slike situasjonar òg.

Olje- og energidepartementet ynskjer å tilpasse beredskapslagringa til situasjonen slik han er i dag, ved å innføre ei ny ordning for beredskapslagring av petroleumsprodukt.

Dersom ein skal påleggje private aktørar å halde lager, må det heimlast i lov. Gjeldande lovgiving om beredskap gir ikkje tilstrekkeleg heimel for påbod om slik lagring. Føremålet med den nye lagringa er òg noko meir omfattande enn føremålet var for gjeldande beredskapslovgiving. Kven som skal påleggjast å halde lager av petroleum og petroleumsprodukt, bør difor gå fram av ei lov.

Nærare retningslinjer om fastsetjing av lagringspliktige produkt, omfang og oppfylting av lagringsplikta, rapportering osv. vil verte detaljerte og av meir teknisk karakter. Dei bør etter Olje- og energidepartementet si vurdering gå fram av ei forskrift.

I framlegget til ny lov om petroleumsprodukt legg departementet opp til at produsentar og importører av petroleumsprodukt skal påleggjast ei lagringsplikt. Det går fram av § 1 i lovframlegget, at Kongen i forskrift kan avgjere at den som her i landet tilverkar eller importerer petroleumsprodukt, pliktar å halde beredskapslager av desse produkta. I den same føresegna får òg Kongen delegert kompetanse til å fastsetje forskrift om dei nærare reglane om omfang og oppfylting av lagringsplikta, fastsetjing av lagringspliktige produkt, rapportering osv.

Framlegget gjekk ut på at § 2 skulle gi heimel til å fastsetje i forskrift regel om straff. Forsettleg eller aktlaust brot på føresegnene i lova, eller føresegner gitt med heimel i lova, kunne etter framlegget verte straffa med bøter. Medverknad kunne òg straffast.

5 Framlegget i høyringsbrevet

I dag er det primære føremålet med beredskapslagring av petroleumsprodukt at desse produkta skal kunne seljast ut i den norske marknaden ved eventuelle forstyrringar i leveransane av petroleumsprodukt. Olje- og energidepartementet vurderer det slik at ei best mogleg tilpassing av beredskapslagra til forbruksmønsteret vert sikra ved at aktørane som raffinerer og/eller distribuerer dei aktuelle produkta, òg står for lagringa.

Som medlem i Det internasjonale energibyrået (IEA) vil Noreg verte spurt om å delta i sameinte beredskapstiltak ved forstyrringar i dei internasjonale

6 Merknader frå høyringsinstansane

Finansdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Samferdselsdepartementet, HydroTexaco AS og Norges Rederiforbund hadde ingen merknader.

Justis- og politidepartementet, Moderniseringsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Selsmannen på Svalbard, Fyringsolje.no, Norske Varmeforhandlere, MAX Bensin v/Trond Erik Hanssen, ConocoPhillips JET AS, Norsk Petroleumsinstitutt, Esso Norge AS, A/S Norske Shell og Statoil ASA har gitt høyringsinnlegg om realitetane.

Høyringsinnlegga var hovudsakleg knytte til forskrifta. Statoil ASA, Esso Norge AS, Sysselmannen på Svalbard og Justis- og politidepartementet hadde merknader til sjølve lova.

Statoil ASA og *Esso Norge AS* meiner at lagringsplikta bør byggje på ein annan definisjon enn den som er tilrådd av departementet. *Statoil ASA* tilrår at alle som sel petroleumprodukt i sluttmarknaden, bør vere lagringspliktige for salsvolumet sitt. *Esso Norge AS* går inn for at import og produksjon skal utløyse lagringsplikt, mens avgiftspliktig sal og eige forbruk bør utgjere grunnlaget for kor mykje som skal lagrast. Selskapa meiner framlegget deira gir ein rettferdig og konkurransenøytral lagermodell.

I høyringsinnlegget sitt ber *Sysselmannen på Svalbard* departementet gjere greie for om lova skal gjelde for Svalbard òg.

Justis- og politidepartementet ber om ei vurdering av administrative sanksjonar som eit alternativ til straff. Ein ber òg om at det vert vurdert å ta føresegnene i lovframlegget inn i petroleumsløva eller energiløva i staden for å gi ei ny særlov.

7 Departementet sitt syn

Olje- og energidepartementet har vurdert framlegga frå Statoil ASA og Esso Norge AS i høve til målsetjinga om ein nøytral og kostnadseffektiv lagermodell.

Både framlegget frå Statoil ASA og framlegget frå Esso AS inneber at selskap som sel til sluttbrukarar på marknaden, i stor grad vert lagerpliktige. Voluma som produsentane/raffinørane, medrekna Statoil og Esso, vert lagringspliktige for, skal reduserast tilsvarande, og beredskapslagringa vert spreidd på fleire aktørar. Selskapa meiner at endringar i definisjonen av lagerplikta i samsvar med framlegget deira vil medverke til ein meir rettferdig og konkurransenøytral lagermodell.

Departementet vurderer det slik at desse framlegga ikkje tek omsyn til at fleire av aktørane som sel til sluttbrukarar på marknaden, vil ha store problem med å syte for lager. Tilbodet av eigna lagerkapasitetar til leige er avgrensa, og kostnadene med å byggje nye lager er svært høge. Det kan føre til at lagerplikta vil fungere som ei hindring for å etablere nye selskap, og at kostnadene for samfunnet ved beredskapslagring vil auke.

Etter den modellen som er tilrådd av departementet, vil selskap som produserer eller importerer lagringspliktige produkt, verte lagringspliktige. Omfanget av lagringsplikta skal vere avhen-

gig av salet av dei lagringspliktige produkta til dei lagringspliktige, med høve til frådrag, slik forskrifta vil gjere greie for.

I den tilrådde lagermodellen er det produsentane, dvs. raffinørane, som skal stå for det meste av beredskapslagringa. Dette vert vurdert som ei ulempe for produsentane, men dei får kompensasjon for denne ulempa ved at kostnadene til beredskapslagring kan belastast kundane. Produsentane og raffinørane har monaleg lagerkapasitet og gode moglegheiter til å dra nytte av fleksibiliteten i den nye lagermodellen, mellom anna ved å halde beredskapslager i komponentar og råolje. Det er difor grunn til å rekne med at produsentar og raffinørar kan stå for den mest kostnadseffektive lagringa.

I framlegget til ny lagermodell er importerte volum over ein nærare fastsett terskelverdi lagringspliktige, dvs. at importerte petroleumprodukt og produkt som vert produserte innanlands, skal behandlast likt. Konkurransenøytraliteten oppretthaldast i den framlagde modellen ved at både produsentane og importørane dekkjer inn kostnadene for beredskapslagring i prisane til kundane sine.

Departementet ser det som ein fordel at det er færre lagringspliktige selskap og ei meir sentralisert lagring, med tanke på oppfølging og kontroll.

Med dette utgangspunktet meiner Olje- og energidepartementet at lagermodellen som det er gjort greie for i høyringsbrevet, er den mest føremålstenlege i den norske marknaden.

Departementet har greidd ut forholdet til Svalbard ut frå føremålet med lova og kome fram til at lova ikkje skal gjelde for Svalbard.

Når det gjeld innspelet frå Justis- og politidepartementet om alternativ til straff, ser Olje- og energidepartementet at administrative sanksjonar, særleg gebyr for mishald, kan vere ein vel så tenleg sanksjon som straff. Lovframlegget vil difor verte endra på dette punktet, slik at § 2 vil gi heimel for at føretak kan påleggjast gebyr for brot på føresegn gitt med i heimel i lova.

Det kan såleis krevjast gebyr frå eit føretak¹ for brot dersom nokon som har handla på vegner av føretaket, bryt føresegnene som er gitt med heimel i lova, jamvel om ingen einskildperson er skuld i det.

I høyringsbrevet var skuldkravet i utkastet til straffeføresegn forsett eller aktløyse. Med eit slikt skuldkrav kan det vere uklart korleis forsett og aktløyse skal vurderast for eit føretak. Dette omsynet,

¹ Jf. definisjonen av føretak i ny straffelov (2005) § 27 andre leddet. Lova er enno ikkje sett i verk.

og det at det ikkje verkar rett at skuldkravet for å krevje gebyr for brot skal vere strengare enn for føretaksstraff, gjer at Olje- og energidepartementet endrar skuldkravet. Etter endringa kan det krevjast inn gebyr frå eit føretak for brot jamvel om ingen einskildpersonar kan straffast. Eit slikt tilnærma objektivt ansvar for føretak er gjeldande rett innanfor strafferetten, jf. straffelova 1902 § 48a.

Departementet viser òg til dei generelle vurderingane i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 242–243 og straffelova 2005 § 27 (ikkje sett i verk). Tilsvarende problem når det gjeld vurderinga av skuldkrav overfor føretak, kan det verte i samband med gebyr for brot.

Departementet har vurdert om det er behov for personleg ansvar i tillegg til føretaksansvar, men har kome fram til at det ikkje er nødvendig. Det skal såleis ikkje krevjast gebyr for brot av den personen som ved å utføre ei handling på vegner av føretaket har brote føresegnar som er gitt med heimel i lova.

Lagerplikta kan oppfyllest ved at føretaka gjer lagringsavtaler med andre føretak (sjølvstendige oppdragstakarar). Departementet meiner difor at føretak som er pliktsubjekt etter lova, òg bør vere ansvarlege dersom ein sjølvstendig oppdragstakar bryt føresegnar gitt med heimel i lova.

Føresetnaden for at det skal kunne krevjast gebyr frå eit føretak for brot, er at ein som har handla på vegner av føretaket, har brote føresegnar som kan sanksjonerast med gebyr for brot. Departementet vil i forskrifta gi ei uttømmende liste over dei føresegnene i forskrifta som kan sanksjonerast med gebyr dersom nokon bryt dei. Det vil mellom anna vere brot på lagringsplikta, medrekna at det ikkje blir halde lager, at det blir lagra for lite, og at produkta som blir lagra, ikkje er i tråd med føresegnene i forskrifta om lagringspliktige produkt. Forskrifta vil påleggje føretaka opplysningsplikt overfor styresmaktene. Føretaka skal sende inn oversikt over lagra dei held, truleg kvartalsvis. Departementet vil òg gjere framlegg om at brot på opplysningsplikta kan sanksjonerast med gebyr for brot.

Om det skal krevjast inn gebyr eller ikkje frå eit føretak, blir eit skjønnsspørsmål. Dersom eit føretak til dømes held lager som ligg marginalt under lagringsplikta, bør departementet ha høve til å peike på dette utan at føretaket får krav om gebyr.

Departementet planlegg å gi retningsliner for utmåling av gebyr i forskrifta. Lovframlegget set ei øvre grense på 10 millionar per vedtak. Departementet understrekar at dette er ei øvre grense, og at gebyr i den øvre delen av skalaen skal vere reservert for grove og gjentekne brot. Eit «gjen-

nomsnittsgеbyr» skal liggje godt under 10 millionar. Det skal mellom anna takast omsyn til kor grovt brotet er, kor lenge det varer, den preventive effekten og den økonomiske evna til føretaket.

Den som vil ha prøvt eit vedtak om gebyr, må gå til søksmål mot staten. Når ei slik sak blir lagd fram for domstolane, bør retten, slik departementet vurderer det, ha kompetanse til å prøve alle sider ved saka. Domstolane vil då òg kunne overprøve nivået på gebyret. Departementet viser til lovframlegget § 2 første ledd fjerde punktum.

Justis- og politidepartementet bad òg Olje- og energidepartementet på nytt vurdere om det er nødvendig med ei særlov. Olje- og energidepartementet har difor vurdert å ta føresegnene inn i petroleumsløva eller energiløva eller å gi ei særlov.

I petroleumssektoren reknar ein lov 29. november 1996 om petroleumsvirksomhet (petroleumsløva) som hovudlova. Omsynet til regelforenkling talar for at nye føresegnar innanfor petroleumssektoren bør takast inn i denne lova. Når Olje- og energidepartementet likevel har kome til at ein ikkje ynskjer det, har ein lagt vekt på at verkeområdet for petroleumsløva er petroleumsvirksemd. Lova regulerer oppstraums petroleumsvirksemd knytt til undersjøiske førekomstar. Beredskapslagring er ikkje ein del av petroleumsvirksemda, og departementet meiner difor at føresegnar om beredskapslagring ikkje passar inn i petroleumsløva.

Energiløva (lov 29. juni 1990) gjeld produksjon med meir av energi. Energi er ikkje definert i lova, men det kjem fram at lova gjeld elektrisk energi, jf. mellom anna § 4-1. Departementet finn det unaturleg å ta inn føresegnar om beredskapslagring av petroleumprodukt i denne lova. Omsynet til regelforenkling, slik departementet ser det, talar heller ikkje for å ta føresegnene inn i energiløva, all den tid energiløva ikkje regulerer spørsmål knytte til petroleumsvirksemd.

Departementet står fast ved å leggje fram ei særlov for beredskapslagring av petroleumprodukt.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ein ny lagermodell inneber fastsetjing av ei ny lov og forskrift om beredskapslagring av petroleumprodukt, slik at selskap som produserer (raffinerer) og/eller importerer petroleumprodukt, vert pålagde å halde beredskapslager av lagringspliktige petroleumprodukt tilsvarende normalforbruket i 20 dagar. Ein legg opp til at kostnadene ved

beredskapslagringa skal dekkjast inn av dei lagringspliktige selskapa. Det fører til at selskapa vil stå som eigarar av produkta, men at norske styresmakter skal samtykkje i bruken av produkta i ein mangelsituasjon.

Etter ei slik omlegging er det ikkje lenger behov for at staten ved Olje- og energidepartementet held egne beredskapslager. Ved innføring av ny lov og supplerande forskrifter kan difor staten sine sivile beredskapsbeholdningar, om lag 380 000 Sm³, leggjast ut for sal. Det kan nemnast at snaut 40 000 Sm³ vart selt allereie hausten 2005 som norsk tilskot til ein IEA-samordna krisehandteringsplan for å dempe ein mangelsituasjon i kjølvatnet av orkanen Katrina. Salet gav ei inntekt på om lag 110 millionar kroner.

I St.prp. nr. 1 (2005–2006) for budsjettåret 2006 er det rekna med at eit slikt sal vil gi inntekter på om lag 1 200 millionar kroner i 2006, jf. kap. 4800, post 02 Ymse inntekter. Inntektsanslaget for 2006 ble redusert til 1 080 millionar kroner i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006) som følgje av salet i 2005. Overslaget er svært usikkert, for inntektene er avhengige av Platts noteringar for dei ulike produkttypane i salsperioden. Jamfør omtalen under om utgifter knytte til salet.

For 2006 er det løyvd 18 millionar kroner til beredskapslagring og omlegging til ein ny modell for beredskapslagring av petroleumsprodukt.

Det vil verta administrative utgifter i samband med salet, som salshonorar til aktøren som skal stå for salet, inspeksjonskostnader og handteringsgodtgjersle for utlasting av behaldningane. Desse utgiftene er rekna til om lag 4 millionar kroner.

I tillegg vil det verta eit kompensasjonsoppgjer mellom OED og selskapa som lagrar produkta som skuldast avvik mellom dei kvalitetane som ein gong vart lagde inn på lager, og dei som no vert fysisk lasta ut/selde. Av di kvalitetsavvika òg skal verdisetjast i høve til Platts noteringar, er det vanskeleg å estimere samla effekt av desse, men til planlegging kan ein rekne med 20 millionar kroner i reduksjon. Eventuelle avvik i kvalitet vil justere salsprisen for produkta.

Beredskapsbeholdningane skal etter planen seljast i 2006. Når den nye lagermodellen er etablert og departementet har avhenda beredskapslagra sine, vil det årleg kome på eit mindre beløp til oppfølging og kontroll av at selskapa oppfyller forpliktingane sine.

9 Merknader til dei einskilde føresegnene i lovframlegget

Til § 1:

Paragrafen fastset føremålet med lova og kven som er pliktsubjekt etter lov og forskrift. Lagerplikta kviler på verksemder som importerer til Noreg, eller produserer lagringspliktige produkt i landet. Verksemder som berre står for sal av lagringspliktige produkt, men ikkje sjølve importerer eller produserer slike, skal ikkje påleggjast lagringsplikt. Føresegna fastset vidare rammene for Kongens kompetanse til å fastsetje nærare føresegner i forskrift.

Til § 2:

Første ledd gir heimel for å krevje gebyr for brot på føresegner gitt med heimel i lova. Det kan krevjast gebyr frå eit føretak for brot på objektivt grunnlag. Føresegna vert ikkje supplert av eit personleg

ansvar. Det er såleis berre føretaket som skal krevjast for gebyr, ikkje den som har handla på vegner av føretaket.

Eit føretak som blir kravt for gebyr for brot, kan gå til søksmål mot staten. Det er ikkje aktuelt å klage til overordna forvaltningsmynde ettersom det er departementet som krev gebyr. Retten kan overprøve alle sider ved saka, medrekna skjønn hos forvaltninga.

Den øvste grensa for gebyr er NOK 10 millio- nar. Gebyr i den øvre del av skalaen skal reserver- ast for grove brot over tid.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt.

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om beredskapslagring av petroleumsprodukt

§ 1

For å sikre forsyningane av petroleum og petroleumsprodukt både nasjonalt og internasjonalt kan Kongen i forskrift avgjere at den som her i landet importerer eller produserer petroleumsprodukt og biodrivstoff, pliktar å halde lager av desse produkta.

Kongen kan vidare gi nærare føresegner om

- a) kven lagringsplikta gjeld for
- b) lagringspliktige produkt
- c) omfang og oppfyljing av lagringsplikta
- d) bruken av volum som skal beredskapslagrast, og
- e) reglar om rapportering og tilsyn med beredskapslagringa.

§ 2

Departementet kan krevje gebyr frå føretak for brot på lova dersom nokon som har handla på vegner av føretaket har brote føresegner gitt med heimel i denne lova. Gebyret for brot kan ikkje overstige 10 millionar kroner per vedtak. Endeleg vedtak om gebyr for brot er tvangsgrunnlag for utlegg. Dersom føretaket går til søksmål mot staten for å prøve vedtaket, kan retten prøve alle sider ved saka.

Departemenet kan gi forskrift med nærare reglar om fastsetjing og gjennomføring av vedtak om gebyr for brot. Forskrifta kan innehalde reglar om oppfyllingsfrist for vedtak om gebyr for brot, rente og tilleggsgebyr dersom gebyret ikkje vert betalt ved forfall, og i særlege tilfelle høve til å avstå frå å krevje inn pålagde gebyr.

§ 3

Denne lova tek til å gjelde straks.